



Møteprotokoll

Utval: Utvalet for helse og omsorg
Møtestad: Møterom Steinkorsen – Rådhuset
Dato: 10.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:00

Følgande medlemmer møtte:

Arild Horsevik
Laila Oppedal
Martin Savland
Marcin Fojcik
Erlend Herstad
Johnny Kårstad
Kari Birkeland
Magne Aardal
Tamara Nøtseth
Anne Mette Hjelle

Parti:

Ap
Ap
H
KrF
Sp
Sp
Sp
SV
SV
V

Forfall:

Margunn Skudal Nistad

Parti:

H

Møtande varamedlem:

Parti

Andre:

Catrine Vagstad
Kirstin Synnøve Bruland
Kurt Even Andersen
Liv Janne Bell Jonstad
Marius Bjørvik Solheim

rådgjevar
kommunalsjef omsorg
kommunalsjef helse og sosial
einingsleiar
einingsleiar

Møteleiar: Magne Aardal

Godkjenning av protokollen:

Magne Aardal

Marcin Fojcik

Kari Iren Birkeland

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
018/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/26	Vedtak om utvida skjenkeområde
020/26	Vedtak om utvida skjenketid under fotball-VM for herrer 2026
021/26	Referatsaker
022/26	Status i kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026 - 2050
023/26	Orienteringar, spørsmål og oppfølging

018/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne protokollen: Marcin Fojcik (Krf) og Kari Iren Birkeland (SP)

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Marcin Fojcik (Krf) og Kari Iren Birkeland (SP)

Einstemmig vedtak

UHO- 018/26 Vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne protokollen: Marcin Fojcik (Krf) og Kari Iren Birkeland (SP)

019/26: Vedtak om utvida skjenkeområde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Grand Hotel Skei AS får løyve til å utvide skjenkearealet sitt til å gjelde:

- basseng, SPA-avdeling og boblebad på terrasse
- sittegruppe ved biljardbord i gangen utanfor symjehallen

slik areala er skisserte i søknaden.

Det er eit vilkår for løyvet at det er bemanna bar med 18/20-års grense i sjølve barområdet når skjenking skjer.

Når basseng-, SPA- og biljardareala vert nytta til arrangement der bedrifter eller andre leiger lokala til privat bruk og det vert skjenka alkohol, skal areala vert stengd for barn og mindreårige.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Einstemmig vedtatt

UHO- 019/26 Vedtak:

Utval helse og omsorg vedtok: Grand Hotel Skei AS får løyve til å utvide skjenkearealet sitt til å gjelde:

- basseng, SPA-avdeling og boblebad på terrasse
- sittegruppe ved biljardbord i gangen utanfor symjehallen

slik areala er skisserte i søknaden.

Det er eit vilkår for løyvet at det er bemanna bar med 18/20-års grense i sjølve barområdet når skjenking skjer.

Når basseng-, SPA- og biljardareala vert nytta til arrangement der bedrifter eller andre leiger lokala til privat bruk og det vert skjenka alkohol, skal areala vert stengd for barn og mindreårige.

Saka vert sendt vidare til kommunestyret med dei signala som ligg føre frå utvalet

020/26: Vedtak om utvida skjenketid under fotball-VM for herrer 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune gir Elvesus AS utvida skjenketid under fotball-VM på følgande vilkår:

1. Utvida skjenketid gjeld berre for dei dagane det vert vist VM-kampar direkte. Kampane må visast på ein slik måte at dei er gjort tilgjengeleg for majoriteten av staden sine gjestar. Om kampane vert vist berre på Veslesus, gjeld den utvida skjenketida for dette lokalet.
2. Skjenkeperioden gjeld frå 18.juni - 19. juli 2026. Skjenking skal avsluttast når kampen er ferdig, men ikkje lenger enn til kl. 06.00 for skjenking inne og kl 03.00 for skjenking ute.
3. Utvida skjenketid gjeld for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
4. Utvida skjenkeareal ute vert godkjent for den same perioden under føresetnad av at Elvesus AS har varsla grunneigar (som må godkjenne bruken), politi og brannvesen om arrangementa.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Endringsforslag pkt. 2 , fremja av Magne Aardal (SV):

Skjenkeperioden gjeld frå 18.juni - 19.juli 2026. Skjenking skal avsluttast når kampen er ferdig, men ikkje lenger enn til kl 03.00 ute og inne, under føresetnad av tilfredsstillande bemanning og vakthald.

Magne Aardal(SV)

Behandling

Avrøysting endringsforslag

- SV Magne Aardal og Tamara Nøtseth, leiar nytta dobbeltstemma, AP Laila Oppedal og Arild Horsevik og Krp Marcin Fojcik stemte for.
- V Anne Mette Hjelle, SP Johnny Kårstad og Kari Iren Birkeland, H Martin Savland stemte mot

Endringsforslag frå SV Magne Aardal: vedtatt 6 mot 5 stemmer

UHO- 020/26 Vedtak:

Utval helse og omsorg vedtok:

Sunnfjord kommune gir Elvesus AS utvida skjenketid under fotball-VM på følgende vilkår:

1. Utvida skjenketid gjeld berre for dei dagane det vert vist VM-kampar direkte. Kampane må visast på ein slik måte at dei er gjort tilgjengeleg for majoriteten av staden sine gjestar. Om kampane vert vist berre på Veslesus, gjeld den utvida skjenketida for dette lokalet.
2. Skjenkeperioden gjeld frå 18.juni - 19.juli 2026. Skjenking skal avsluttast når kampen er ferdig, men ikkje lenger enn til kl 03.00 ute og inne, under føresetnad av tilfredsstillande bemanning og vakthald.
3. Utvida skjenketid gjeld for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
4. Utvida skjenkeareal ute vert godkjent for den same perioden under føresetnad av at Elvesus AS har varsla grunneigar (som må godkjenne bruken), politi og brannvesen om arrangementa.

Saka vert sendt vidare til kommunestyret med dei signala som ligg føre frå utvalet

021/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Einstemmig vedtak

UHO- 021/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

022/26: Status i kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026 - 2050

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Sak 022/26: , fremja av Laila Oppedal (Ap):

Innspel til høyringsutkast:

Til punkt 6.2 i høyringsutkastet, under punkt 1:

Nytt kulepunkt 3:

Bustadklynger i lokalmiljø i kommunen, der eldre kan bu og ha sin heim, gjerne før dei har konkret hjelpebehov. Dette må implementerast i skjema punkt 6.3: Samanheng mellom bustad og økonomi.

Behandling

Status kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026 - 2050 v/ einingsleiar Liv Janne Bell Jonstad

UHO- 022/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

023/26: Orienteringar, spørsmål og oppfølging

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir teke til vitande.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 10.06.2026:

Kommunalsjefane orienterte om følgande saker

- Orientering om økonomi / tertialrapport v/ einingsleiar Marius Bjørvik Solheim

Einstemmig vedtak

UHO- 023/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitande.